



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Uttale - Alver - 322/247 - Mjåtveit - etablering av veg va-anlegg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 01.07.2021 og utsett frist til 16.08 jf. e-post sendt 19.07.21. Saka gjeld søknad om rammeløyve for veg, vatn og avløpsanlegg for bustadfelt med 25 bueiningar i Mjåtveitmarka Sveåsen, gbnr. 322/247.

Kommune ber om uttale/ fagleg vurdering om elvemuslingar er tilstrekkeleg utgreidd i søknaden om rammeløyve.

Statsforvaltaren si vurdering

Mjåtveitelva har lenge vore påverka av avrenning frå landbruk og spreidde kloakkar, og målingar har dokumentert dei høgaste nivåa av fosfor og nitrat av alle elvemuslingvassdrag i Vestland (Kålås 2020). Mjåtveitelva har også over tid vore sterkt prega av avrenning av massar frå utbyggingar og jordfylling på landbruksområde.

Dette er ein situasjon som også prega Mjåtveitvassdraget i dag, og gjev trass i nye funn av elvemusling, dårlege levekår for elvemusling og anna liv i elva. I vassforskriftarbeidet er vassdraget klassifisert til å ha dårleg økologisk tilstand, og oppsummert må den samla belastninga på vassdraget skildrast som svært stor, jf. naturmangfaldlova § 10.

Søknaden

Dei oversendte dokumenta tyder på at utbyggar gjer ein del grep for å redusera påverknad på Mjåtveitelva, men om dette er tilstrekkeleg til å ikkje ha få negative følgjer for vassdraget er nær umogleg å vite. Såleis vurderer vi at kunnskapsgrunnlaget omkring konsekvensane av tiltaket er uavklart og det må derfor gjerast grep for å unngå irreversible konsekvensar på naturmangfaldet i Mjåtveitelva, jf. naturmangfaldlova § 8 og § 9.

Dette vert understøtta av at den samla belastninga på Mjåtveitelva er frå før svært stor, og denne utbygginga vil gå over lengre tid før alt er ferdigstilt.



Tiltak for å unngå ureining

Det må fastsetjast parameter for vasskvalitet som utbygger kan forholde seg til. Dette kan gjerast ved kontinuerleg måling av turbiditet (automatisk løpande loggføring). Målar må plasserast like nedstraums fordrøyningsmagasin 1 som vil vere i «utløpet» av utbyggingsområdet. Det må gå klart fram kven som er eigar og har ansvar for drift og vedlikehald av fordrøyningsmagasina. Magasina må ha svært god kapasitet slik at dei kan handtere periodar med stor nedbør og såleis også mykje avrenning.

Konsentrasjon på turbiditet må ikkje overstige < 1 FNU (jf. handlingsplan for elvemusling 2019).

Det er vidare viktig at dei grepa Rådgivende Biologer føreslår vert følgt opp og satt bindande vilkår til ved avgjerd i Alver kommune. Sedimenteringsbasseng og tilsvarande tiltak må vere på plass før anna arbeid tek til, slik at avrenning av jord – og steinpartiklar vert handtert heilt frå starten av utbygginga.

Vi ber om få tilsendt vedtak i saka.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent